



NASJONALT SERVICEMILJØ FOR MEDISINSKE KVALITETSREGISTRE

Årgang 15, nummer 3
Desember 2020



JULEBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE REGISTRE



I dette nummeret:

- **Sjukehusvisaren - Ny nettside med resultat**
- **Status Helsedataprogrammet**
- **Gjennomføring av digital samling i kvalitetsforbetringssprosjekt**
- **Variabelkatalog og metadataenester for nasjonale kvalitetsregister**
- **Tildeling av regionale stimuleringsmidler**
- **Nye tilsette ved fagsenteret**

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregister

E-post:
kvalitetsregister@helse-vest.no
[Heimeside](#)



Sjukehusvisaren - Ny nettside med resultat

Sjukehusvisaren er ei ny interaktiv resultatløysing som er blitt lansert på kvalitetsregister.no. Løysinga viser resultat for kvalitetsindikatorar frå alle dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra. Ved å velje sjukehuset ein er interessert i kan ei sjå resultat for ulike indikatorar samla for dette sjukehuset frå alle registra. Ein indikator er eit viktig mål for kvaliteten på den behandlinga som vert gitt i helsetenesta, og Sjukehusvisaren gir ein unik moglegheit til å følgje med på dette. På nettsida ligg over hundre kvalitetsindikatorar.

På resultatportalen/sjukehusvisarene finn du også registra sine årsrapportar om du ynskjer utdypande informasjon om registeret, resultat mm.

Link til sjukehusvisar/resultatsida:
<https://sykehus.skde-resultater.no/>

Sjå videoen som viser funksjonaliteten her:
<https://vimeo.com/472602640>

Les også ei sak om dette på Helse Vest sine nettsider: <https://helse-vest.no/nyheter/nyheter-2020/ny-interaktiv-nettside-for-medisinske-kvalitetsregister> (eksemplifisert ved Norsk MS-register og biobank.)



Status Helsedataprogrammet

Helsedataprogrammet skal gjøre det enklare å gjennomføre analyser og sette saman helsedata på tvers av ulike datakjelder. Styringsmodellen for Helsedataprogrammet innbefatter eit breitt samansett programstyre, referansegruppe og seks arbeidsgrupper innan områda sikkerheit og personvern, helsepersonell, registerforvalting, styring og økonomi, forsking, innovasjon og næringsliv.

Programmet har **fire prosjekt**:

Prosjekt Helseanalyseplattformen skal tilrettelegge for enklere tilgang til helseopplysninger gjennom å utrede og etablere en nasjonal infrastruktur for tilgjengeliggjøring og analyse av helsedata og utvikle organisatoriske løsninger samt regelverk.

Prosjekt Fellestjenester skal bidra til bedre utnyttelse av helsedata gjennom å utrede, utvikle og innføre nasjonale tekniske fellesløsninger for helseregistrene.

Prosjekt Harmonisering skal bidra til helseopplysninger av bedre kvalitet gjennom harmonisering og standardisering av helseregistrene.

Prosjekt Organisasjonsutvikling skal bidra til enklere tilgang til helsedata gjennom å utrede og foreslå organisatoriske modeller for drift og forvaltning av Helsedataprogrammets leveranser.



Gjennomføring av digital samling i kvalitetsforbetringsprosjekt

Det har vert utfordrande å halde kvalitetsforbetringsprosjekt gjående det siste året, då fysiske samlingar er ein viktig del av prosessen i slike prosjekt. I begynnelsen av november arrangerte Norsk MS-register og biobank eit oppstartseminar for deira kvalitetsforbetringsprosjekt om sjukdomsmonitorering

ved MS. Dette vart gjennomført heildigitalt over to halve dagar med bruk av virtuelle møterom frå Norsk Helsenett. Det var deltagarar frå tre sjukehus frå tre ulike regionale helseføretak, og dei deltok både frå møterom i sjukehusa, frå heimekontor og via smarttelefon. Prosjektleiinga hadde gjort endringar i møtepro-

grammet for å tilpasse det til ei digital samling, og dei gjennomførte både innlegg, gruppearbeid og felles sesjoner på ein god måte. Erfaringane er at digitale løysingar fungerer godt med nødvendige tilpassingar som kortare møter og meir involvering av deltagarane i staden for lange føredrag. God hjelp til den teknis-

ke gjennomføringa er også avgjerande for gode møter. MS-registeret vil inntil vidare base seg på digitale samlingar i prosjektet. Digitale løysingar opnar for å møtaast oftare, noko som vil vere ein positiv bieffekt og kan også vere eit viktig supplement i slike prosjekt når Covid-19 er over.

Variabelkatalog og metadatatjenester for nasjonale kvalitetsregister

På Helsedataprogrammets webinar 27. august og 2. september vart det orientert om arbeidet med Helseanalyseplattformen og Helsedataservice til dei nasjonale kvalitetsregistra. Eit av Helsedataprogrammets leveranseområder som det vart informert om, var metadatatenester.

Det skal bli etablert ein nasjonal variabelkatalog med kodeverk og variabeloversikt frå dei nasjonale kvalitetsregistra. Katalogen vil bidra til å harmonisere data på tvers av kjelder og gjøre det enklare å finne fram til data for brukarane.

Spesialrådgjevar Bernt Olav Øk-

land ved Fagsenter for medisinske kvalitetsregister har ansvar for kartlegging av forventa ressursbruk blant registra i Helse Vest for å kunne kome opp på plattformen.

Les meir her: <https://helsedata.no/no/om-helsedata/>



Tildeling av regionale stimuleringsmidlar

Helse Vest ved Fagsenter for medisinske registre liste hausten 2020 ut stimuleringsmidlar til bruk av data frå medisinske kvalitetsregister i forbettingsarbeid og til etablering av lokale og regionale kvalitetsregister. Formålet med midlane er å stimulere til etablering av kvalitetsregister innan fagområder det ikkje eksisterar kvalitetsregister, samt å stimulere til at data frå eksisterande register vert nytta i kvalitetsforbettingsarbeid, i arbeid med pasientsikkerheit og bruk av pasientrapporterte utfallsmål.

Erfaring frå prosjekta skal spreiaast slik at det kan kome til nytte i andre føretak.


På fagdirektørsmøtet 15. oktober vart det vedteke at følgjande søkerar får tildelte midlar:

- Etablering av kvalitetsregister for buegangsdehiscens (Helse Bergen)
- bruk av data frå NIPaR til kvalitetsforbedringsarbeid (Helse Bergen)
- bruk av data frå SOReg til kvalitetsforbedringsarbeid (Helse Bergen)
- bruk av data frå Norstroke til kvalitetsforbedringsarbeid (Helse Bergen)
- bruk av data frå Norspis til kvalitetsforbedringsarbeid (Helse Bergen)

Nye tilsette ved fagsenteret

I løpet av hausten har vi fått inn to nye tilsette ved Fagsenteret.

Per Erik Haukedal vart tilsett 1.november i ei 100% stilling som rådgjevar ved Fagsenter for medisinske kvalitetsregister i Helse Vest. Hans oppgåver vil i hovudsak vere innan statistikk/dataanalyse. Per Erik er utdanna sivilingeniør frå NTNU i Trondheim.



Hauke Bartsch vart tilsett 1.desember i ei 100% stilling knytt til FoU - Seksjon for forsking og innovasjon, men vil vere ein del av teamet til Fagsenter for medisinske kvalitetsregister i Helse Vest. Han vil hovudsakleg jobbe som dataforvaltar i krysningspunktet IT og medisin. Hauke har doktorgrad i IT og har jobba fleire år som dataforvaltar ved Department of Radiology ved University of California, San Diego.



Vi på Fagsenteret ynskjer alle våre lesarar ei riktig god jul! :)

